

Gode råd om lesing


Kjære foreldre, de er ein
viktig ressurs!

Kva kan vaksne gjere for å
få barna til å bli gode og
glade leسارar?




Veit du at lesing

- gjer glede
- gjer innsikt, forståing og toleranse
- gjer del i kulturarven
- aukar ordforrådet
- har god effekt på skriftleg arbeid
- har god effekt på rettskrivinga
- stimulerer fantasien og gjer gode opplevingar
- er grunnlaget for læring i alle fag



Klepp kommune

Nyttige lesetips



- Lesing er ferskvare og må vedlikehaldast.
- Les leseleksa saman kvar veke.
- Les for barnet, saman med barnet, bruk gjerne korlesing.
- Les kvar dag. Dette gir barnet ditt eit godt grunnlag for all læring.
- Vel rett tidspunkt for lesing.
- Barnet må ikkje vere for trøtt.
- Skap ein trygg og roleg atmosfære.



Klepp kommune

Nyttige lesetips

- Sjå godt på bilde og overskrifter.
- Peik på orda medan du les.
- Les vanskelege ord saman, og snakk om kva dei betyr.
- Stopp opp og få barnet til å gjenfortelja innhaldet i teksten.
- Hjelp barnet til å undre seg og assosiere under lesinga.
- Bruk gjerne spørjeorda: kven, kva, kor, korleis og kvifor.
- Hugs at vaksne er viktige forbilde.
- La bøker og lesing vere ein del av kulturen heime.



Godar idear til glade lesarar

- Gå ofte på biblioteket.
- Fortel for barnet, gjerne frå du var liten, eller eventyr du kan.
- Les oppskrifter og lag mat saman.
- Abonner gjerne på tidsskrift. Nysgjerrigper, Aftenposten Jr. og Donald Junior kan vere spennande for nye lesarar.
- Lytt til lydbøker.
- Set av tid til den gode samtalen.
- Skriv hugselister og handlelappar saman.
- Leik med språket, for eksempel Mitt skip er lasta med.
- Bruk sansane. Lag og form bokstavar og ord.




Lesoplan

Klepp kommune har eigen leseplan som styrer vårt arbeid med lesing.

I fokus har vi alltid leselyst og lesegled!

Vi bruker leselos som eit verktøy for leseopplæringa i alle fag:

(Kleppe skule bruker SOL)



Klepp kommune

Leselos



Nyttige lesestrategiar

Bison-blikket hjelper til med å strukturera tekst for å hugse innhald.

Bilde

Innleiing

Siste avsnitt

Overskrift

Nøkkelord

Vi seier at den gode lesaren er aktiv før,
under og etter lesinga.



Klepp kommune

Nyttige nettadressar

Skulen si heimeside

www.barnebok.no

www.lesehulen.no


www.lokus.123.no

www.gyldendal.no/abc

www.gyldendal.no/agora

www.onskebok.no

www.klepp.kommune.no (Klepp kommune sin leseplan)



Klepp kommune